


REISEBREV FRÅ EAHIL 2023

av Ragnhild Agathe Tornes

Bibliotek for helseforvaltningen,
Folkehelseinstituttet

EAHIL // 2023

WORKSHOP // 12-16 JUNE // TRONDHEIM, NORWAY



Dersom ein ser bort frå EAHIL 2020, som skuffande nok måtte køyrast online, var dette min fyrste gong som deltakar. Forventningane var relativt høge, då eg visste at dette var ein svært sentral konferanse på vårt fagfelt. Eg såg fram til faglege relevante presentasjonar og det å kjenna på fellesskapet med kollegaer frå heile verda. Dei faglege forventningane vart så absolutt innfridde, men nokre av dei aller mest interessante presentasjonane var jo faktisk av dei som ikkje hadde relevans til min arbeidkvardag på eit bibliotek ved eit forskningsinstitutt utan pasientar, studentar eller publikumslokaler. Her må særleg nemnast presentasjonen om graphic medicine, om bruk av teikneserieromanar for å auka forståinga av sjukdom og helse. Særst interessant og godt presentert. Opningsinnlegget til R. David Lankes om mellom anna sensur av barnebøker i amerikanske folke- og skulebibliotek, hamnar i same kategori. Interessant, dog utan direkte relevans til min jobb.



Sosialt hadde eg meir moderat forventning. Eg er ikkje av dei som fyrste som hiv meg frampå for å ta kontakt med framande. Men det var ikkje dumt å reisa saman med meir erfarne kollegaer samt å tørra å ta nokre sjansar. Som då eg ikkje såg nokre kjensfolk til lunsjen eine dagen, og eg måtte tvinga meg sjølv til å velgja meg ein ledig plass og ta kontakt med dei som sat der. Det resulterte i ein svært hyggeleg prat med tyske og nederlandske deltakar. Ein av dei skulle halda presentasjonen "Decolonising strategies in health sciences curricular literature" rett etterpå og eg fekk difor litt bakgrunnsinfo om tema på førehand. Både sosialt og fagleg utbytte der altså.



Eg og mine kolleger, Marita Heintz og Miriam Bakkeli, poserer villig vekk i Erkebispegården.



Miriam og eg jobbar med å koma i riktig stemning i Nidarosdomen.

SMH-samankomsten på baren Antikvariatet blei òg ein hyggeleg kveld med nye bekjentskapar. Det same gjaldt for mottakinga i Erkebispegården samt konferansemiddagen på Nideelven. For meg med musikalsk bakgrunn var det jo opptil fleire musikalske perler å gleda seg over her òg, som t.d. duoen som underhaldt med eigenskrivne forskningsrelaterte tekstar og organisten i Nidarosdomen sitt flotte orgelprogram.

Ein skal ikkje undervurdera kva rolle det sosiale spelar for læringsutbyttet på ein slik konferanse som dette. Eller kanskje handlar det meir om vårt individuelle behov for tryggleik i nye situasjonar? Sjølve workshop-formatet har eg opplevd så ulikt rundt omkring at eg har byrja å vegra meg litt. Nokre gonger er det nesten som ein vanleg presentasjon, andre gonger krev det mykje samhandling på engelsk og med opplegg som krev grundig førebuing og forståing for fagfeltet. Då går det ikkje an å vera ein passiv deltakar og berre flyta med. Behovet for tryggleik, deler eg truleg med mange andre. Eg vil tru at dette er ein medverkande årsak til at mange av dei påmeldte ikkje dukkar opp. Men på denne konferansen trassa eg usikkerheten og bestemte meg for å utfordra meg sjølv ved å melda meg på nokre (av dei få) ledige workshoppane: "Opening Science in the entire research workflow", med Najoua Ryane frå Utrecht University og "Systematic searches: the effects of our choices" med Wichor Bramer frå Erasmus MC. Desse to var svært forskjellige, spesielt i organisering og mengd av eigenaktivitet.

Workshops

Om sosiale krav og tryggleiksbehov

Eg må sei at eg var mest begeistra for det fyrstnemnte, trass i at at interessa mi for open access er mindre enn for systematiske litteratursøk. Men eg var rett og slett imponert over den praktiske gjennomføringa og fekk auka forståing og oversikt over kva dette omgrepet kan innebera, både generelt og på vår arbeidsplass. Her var kurshaldarar svært godt førebudde. Tilsynelatande hadde dei tenkt på det meste, og teknikk og opplegg fungerte stort sett saumlasust, slik det skal og du slepp å ofra det ein tanke som deltakar. Det kjennest så sjølvsagt. Her hadde dei teke ein vri som ikkje var så dum ang. gruppesamansetning. Ein skulle jobba i desse gruppene heile denne økta, så det å få velbalanserte grupper med representantar for ulike erfaringar og syn på tema, var ganske vesentleg. Når ein kjem inn i eit rom og skal setja seg ned ved eit bord og ein ser ein skal jobba i lag, søkjer ein gjerne det trygge og set seg saman med nokon ein kjenner eller i alle fall kjenner til frå før. Dette gjorde eg òg og me var ei lita stund håpefulle og trudde me kunne køyra norsk språk i gruppa sidan alle dei fyrste som sette seg var norske. Men her hadde dei lagt ut (herleg uhøgtideleg) pokemonkort med ulike typar med eit fargesymbol.



Alle på gruppa fekk kvar sin type og me skulle så setja oss saman med dei frå dei andre borda som hadde same. Slik splitta dei oss opp og danna nye grupper som var dei me skulle jobba i. Den fordelinga av folk var mykje meir hensiktsmessig for formålet enn det me hadde greidd å få til sjølve. Bruken av fysiske materiale som dei nemnte pokemon-korta, klistrelappar til å festa på vegggen og framstilling av fargekoda legoklossar for å visualisera vår faglege representasjon når det gjaldt open access-involvering på arbeidsplassen, var i det store og heile vellukka. Det minska presset på det språklege og gav eit handfast og tydeleg utgangspunkt for diskusjon.

Wichor Bramer sin workshop hadde som formål å diskutera val me tek i prosessen med å utforma ein søkjestrategi og effektane dei får for utfallet/resultata av søka. Noko seint såg eg at at det var meininga at ein skulle gjera ei oppgåve på førehand som skulle brukast som utgangspunkt i kurset. Denne hadde eg ikkje fått, så eg sende ein etterlysings-epost til EAHIL og etterlyste den. Den fekk eg ikkje noko svar på, så eg møtte ufrivillig dårleg førebudd på denne workshopen. Men her hadde det skjedd ein glipp. Bramer hadde fleire workshops sett opp på denne konferansen. Sidan alle raskt vart fullbooka, hadde dei sett opp ein ekstra og det var denne eg var på. Fyrst hadde dei gløymt å senda ut oppgåver til påmeldte på dette ekstrakurset. Men det var visst sendt ut nokre dagar før start. Så den fann eg i min arbeidsplass sitt nye, altfor sensitive søppelpostfilter då eg kom heim att. Men altså, då sat eg der uførebudd, noko eg ikkje likar. Det viste seg at eg ikkje var åleine om det, cirka halvparten hadde fått gjort oppgåva. Dette skapte eit dårleg utgangspunkt for gjennomgangen der me skulle diskutera ut frå våre løysningar i små grupper på to-tre. Her var det ikkje noko organisert gruppesamansetning, så eg måtte spørre om eg fekk samarbeida med dei to som sat på sida av meg. Dei kjende kvarandre og hadde førebudd seg. Det kjendes ikkje balansert ut og eg hadde kjensla av å ikkje kunna bidra noko særleg på eit felt der eg vanlegvis har stor interesse og engasjement og idear til løysningar. Utbyttet blei så som så.

Prevented spam messages

Sender: w.bramer@erasmusmc.nl

Subject: urgent: homework workshop EAHIL

Date: 6/8/2023 8:45:44 AM

[Review Message](#)

[Release](#)

[Block Sender](#)

Som kurshaldar vert det viktig for diskusjonen korleis ein handsamar innspel og fagleg usemje. Eit viktig prinsipp for Bramer har vore dette med å utforma heile søkje strategien i ei linje. Det er mange som er usamde med han kor hensiktsmessig dette er. Eg har hatt eit intrykk av at han ikkje er særleg open for innvendingar på dette punktet og hadde difor sett føre meg at diskusjonen ikkje ville vera særleg fruktbar. Men denne gongen tok eg feil og han møtte innspel i den retninga med tilsynelatande openhet og interesse. I alle fall gjorde det at ikkje diskusjonen døydde hen, som den jo gjer om kurshaldar ikkje greier å møte motstridande fagleg standpunkt med tilstrekkeleg openhet.

Eit nytt konsept for meg var teachmeet. Me kollegaer var ikkje heilt sikre på korleis dette fungerte i praksis og såg føre oss å møta ein og ein av bidragsytarane og sjølve spørre dei ut. Men det viste seg å vera lagt opp til korte presentasjonar som vart holdt seks gonger på rad med korte pausar mellom der me bevegde oss fritt til den me ynskte å ha som neste presentatør. Med færre frammøtte presentatørar enn planlagt, vart det for få presentasjonar til at det skulle gå opp med tida og talte på rulleringar. Arrangørane løyste det ved å oppretta ei fri diskusjonsgruppe. Folk var nok litt for usikre på det opplegget der til å velgja den om ein ikkje måtte, så her vart det heile tida litt få. Resultatet vart ei veldig stor g.,ruppe som hadde denne att til slutt, m.a. meg. Med så stor gruppe vart det litt krevjande å leia ein heilt fri diskusjon, men dette tok arrangøren på strak arm og løyste fint! Kjekt var det òg at våre norske kollegaer frå Oslomet fullt fortent vann prisen for beste presentasjon der dei snakka om Bison-nettverket.

Teachmeet

Møte med eit nytt konsept

Felles for alle desse tre øktene var at det var ein del rammefaktorar som påverka det faglege utbyttet. Same kor godt dei hadde førebudd seg og kor godt planlagt opplegget var, så var det likevel faktorar som var delvis utanfor deira kontroll. Spesielt gjaldt dette plass. På Open access-økta var rommet litt for trangt. Når ein skal ha ein del egenaktivitet, som t.d. fleire gonger skulle forflytta og individuelt og utføra handlingar som skulle vera fagleg forankra, og det er trangt, tek det tid. Til dømes skulle ein bort til to bord der det var lagt ut haugevis med lappar med ein mengd ulike praksisar som angjekk open science. Ein skulle plukka med seg ein lapp med noko som ein dreiv med på biblioteket sitt og ein med noko som ein ikkje dreiv med. Problemet var at det ikkje var plass til så mange framfor det bordet samstundes. Så når ein fyrst hadde kome seg i posisjon, måtte ein lesa kva som sto på dei ulike og det tok litt tid å finna nokre som passa. Resultatet vart at det vart ein del dødtid medan ein venta på at alle på gruppa skulle ha henta sine lappar før ein kunne starta diskusjonen ved bordet

Ramme- faktorar

For dårleg eller for god plass

Rommet som vart brukt til Teachmeetøkta eg deltok på, blei òg i trongaste laget. Det skapte mest akustiske utfordringar. Det var så lita avstand mellom gruppene at du ofte sat nærare presentatøren frå ei anna gruppe enn den du sjølv var på. Så det var av og til vanskeleg å få med seg alt dei sa, kanskje aller verst med dama med munnbind med sin sterkt italienskprega engelsk. Men i Bramer sin workshop vart lokalet for stort att. Dette var eitt av auditoria med inngong bak, slik at mange set seg for langt bak og for spreidd. Denne avstanden mellom oss spelte ikkje positivt inn på diskusjonen og samarbeidet.

Men stort sett var eg særst nøgd med konferansen, både fagleg og sosialt og takkar for stipendet som gav eit kraftig nedskjæringsramma FHI mogleik til å senda oss på konferanse. Det er lov å vera håpefull om framtida og ynskja seg å få reisa på EAHIL att ein gong i framtida, sjølv om det då vert i utlandet og meir kostbart.